



Erling og Kristin Saksvik har lagt til i Øyro Marina med sin 34 fots Viknes 1030 og stortrivs framleis i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har mange båtgjestar som kjem att år etter år og to av dei mest trufaste er Erling og Kristin Saksvik frå Skålevik i Bergen.

I år kan dei feira 20-årsjubileum og dermed kan dei utropast som superveteraner i Øyro Marina! Ingen har vore der i så mange år, opplyser hamnevert Egil Høgemark til uskedalen.no. Asbjørn Olsen var vert då dei kom hit fyrste gongen.

Erling og Kristin har ikkje berre avlagt sporadiske besøk her. Bergensparet, som bur ved innseilinga til byen over alle byar, kjem til bygda vår både i påska, pinsa og sommarferien. Og om sommaren kjem dei gjerne att sjølv om dei har vore her så lenge som to veker i første omgongen.

Men kvifor vart Uskedalen det sjølvsagte feriemålet for dei? Korleis starta det?

Svaret er så enkelt som at dei flykta frå Rosendal på grunn av uver i baronibygda, der dei hadde gjort strandhogg nokre gonger. Dei hadde med seg to små born som straks fann vener og stortrivdes i Uskedalen. Det same gjorde foreldra. To av venene var Tove og Egil Høgemark.

- Det er så fint her. I Uskedalen har vi alt vi treng, seier Erling og Kristin og nemner turmogelegheitene fyrst når vi ber dei spesifisera grunnane til trivselen. Dei har ikkje klatra opp på nokre av fjella i Uskedalen, men satsa på mange andre variantar.

Ungane har vorte vaksne og er naturleg nok ikkje så hekta på Uskedalen som foreldra, men både dei og borna deira kjem rett som det er på besøk.

Men ei lita klage på eitt eller anna må dei vel ha? Erling svarar:

- Det einaste eg kan komma på og som eg ikkje kan klandra uskedelingane for er at eg saknar auren i elva. Før var fangstane store, men no er det lite fisk å få. Heldigvis kan vi kjøpa han på SPAR, som forresten er ein heilt framifrå butikk med ypperleg service!
- Kva med Vertshuset?
- Det er kjekt at det er ope og vi håpar det blir ope også denne sommarsesongen.

Av Ola Matti Mathisen